

*Hardanger / Voss kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

# **VURDERINGSRAPPORT**

## **MYKRDALEN BARNEHAGE**



Vurderingstema: "Organisering av kvardagen i barnehagen"  
Myrkdalen barnehage, Turid Kvitne, 56 51 49 66/ 480 14 546

[turid.kvitne@voss.kommune.no](mailto:turid.kvitne@voss.kommune.no)

23. – 26. mai 2011

## Innholdsliste

<a href="#">1 Føreord</a> .....	3
<a href="#">1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling</a> .....	3
<a href="#">1.2 Kven vurderar?</a> .....	4
<a href="#">1.3 Fasar i vurderingsarbeidet</a> .....	4
<a href="#">1.4 Mål</a> .....	4
<a href="#">1.5 Rapporten</a> .....	4
<a href="#">1.6 Barnehagevurdering</a> .....	5
<a href="#">2. Fakta om barnehagen</a> .....	5
<a href="#">3. Vurderingstema</a> .....	5
<a href="#">4. Glansbilde</a> .....	6
<a href="#">5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet</a> ....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<a href="#">6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet</a> .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<a href="#">7. Vidare arbeid</a> .....	18
<a href="#">Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga</a> .....	19
<a href="#">Vedlegg 2 - Tidsbruk</a> .....	19
<a href="#">Vedlegg 3 - Tidsplan</a> .....	20
<a href="#">Vedlegg 4 – Metodar</a> .....	22
<a href="#">Dokument- og resultatanalyse</a> .....	22
<a href="#">Kriterium og teikn på god praksis</a> .....	22
<a href="#">Førebu barna</a> .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
<a href="#">Samtaleguidar</a> .....	22
<a href="#">Møte med føresette</a> .....	23
<a href="#">Møte med styrar</a> .....	23
<a href="#">Observasjon</a> .....	23
<a href="#">Vedlegg 5 – Dette sa barna</a> .....	24
<a href="#">Vedlegg 6 – Dette sa føresette</a> .....	25
<a href="#">Vedlegg 7 – Dette sa personalet</a> .....	26
<a href="#">Vedlegg 8 – Observasjonar</a> .....	29

# 1 Føreord

## 1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

## **1.2 Kven vurderar?**

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

## **1.3 Fasar i vurderingsarbeidet**

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført
  
- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

## **1.4 Mål**

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

## **1.5 Rapporten**

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

## 1.6 Barnehagevurdering



## 2. Fakta om barnehagen

Myrkdalen barnehage er ein to avdelings barnehage ca. 2,6 mil frå Voss sentrum. Barnehagen har tilbod for barn i alderen 1 – 6 år. Frå å vera ein barnehage med to avdelingar med geografisk avstand, vart dei 14. juni i 2010 samlokalisert på Huldahaugen i Myrkdalen.

Kommunestyret har vedteke at det skal byggjast ny privat barnehage. Lokaliseringa er mellombels i påvente av nytt bygg. Det vil framleis vera to avdelingar.

Barnehagen er brukartilpassa og alle som har søkt om barnehageplass har fått plass. Myrkdalen barnehage er den største barnehagen utanfor sentrum. Tidlegare var barnehagen samlokalisert med skulen, men i dag har barnehagen heile huset til eige rådvelde. Uteområdet ligg i flotte landlige omgjevnader. Nærmiljøet blir nytta til turar og aktivitetar.

## 3. Vurderingstema

Myrkdalen har bede om vurdering på følgjande tema:  
"Organisering av kvardagen i barnehagen"

Personale i barnehagen har svart på ståstadsanalysen. Leiinga i barnehagen har drøfta resultatet og komen fram til vurderingsområde.

Det er derfor eit ynskje å bli vurdert på organisering ettersom endringane i høve samlokalisering har skjedd veldig fort. Personalet hadde ynskje om å få nokon utanfrå til å sjå korleis barnehagen har klart organiseringa i denne prosessen. Personalet ser det som ein nyttig evaluering for den vidare prosessen fram mot ny barnehage.



## 4. Glansbilde

Tema: "Organisering av kvardagen i barnehagen"

Kriterium	Teikn på god praksis
<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)</i> <i>"Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt"</i> Garvin</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane</li><li>❖ Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset</li><li>❖ Barnehagen har klare målformuleringar.</li><li>❖ Personale opplever at barnehagen har ei tydelig leiing.</li></ul>
<p>Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda</p> <p><i>(Rammepl for bhg.-06,s. 16)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis.</li><li>❖ Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.</li><li>❖ Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling.</li><li>❖ Personalet har eit bevist forhold til gruppedeling og organisering.</li></ul>
<p>Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.</p> <p><i>(Barnehagelova §1 Formål.)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.</li><li>❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.</li><li>❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog</li><li>❖ Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar</li><li>❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.</li></ul>
<p>Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.</p> <p><i>(Rammepl. 2.4 s. 27)</i> Rammepl pk. 1.5 s. 13 <i>(Barnehagelova § 3. Barns rett til medvirkning)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.</li><li>❖ Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.</li><li>❖ Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar.</li><li>❖ Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin.</li><li>❖ Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerande.</li></ul>

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarparet og godkjende av barnehagen.



## 5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

#### Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane

Personalet seier at styrar har bra oversikt over personalressursen, og har dialog med personalet om korleis situasjonen på huset er fram i tid. Ho er og flink til og ansvarleg gjera personalet. Ein del av dei tilsette i barnehagen er også mor, det gjer at dei ikkje kan plasserast på begge avdelingane. Dei pedagogiske leiarane har god oversikt. Flink medarbeidar som er ansvarlege. Dei har vore veldig flinke til å ta initiativ og ansvar. Ondrahaugen har fått litt hjelp til å strukturera og få i system planane. Delar vekeplanar og månadsplanar så alle veit kva som skal skje. Ingen som sutra tar i eit tak og er fleksible om situasjonen krev det. Hjelper kvarandre på tvers av avdelingane. Me er open for at barna kan få komme ut etter kvart som dei er ferdig kledd. Heile personale tek alle arbeidsoppgåver rullerer mellom alle.

Vurderarene seier at leiar går inn på avdelingane om morgonen og ynskjer god morgon, og orienterar seg og dei tilsette om dagen i dag. Og om andre arrangement dei næraste dagane og vekene.

Leiar har tilgjengelege og godt synlege planar over forskjellige møter.

Personalmøter, ped. leiar møte og andre møter utanfor huset der styrar deltek. Det er tilgjengelege referat frå alle møta på huset.

Leiar kjenner til kva som skjer på avdelingane.

Leiar deltek, kommenterer og rettleiar i avdelingsmøta og gjev fagleg støtte.

#### Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset

Personalet seier vi gjer det. Den som er flinke med musikk gjer det ol. Og dei som er flinke til ulike ting får gjere det. Personalet er flinke til å spela på lag med kvarandre. Og nyttar kvarandre sine idear. Hospitera på den andre avdelinga for å lære av kvarandre, men og for å forstå den andre avdelinga sin kvardag. Dei eldste barna på liten avdeling er saman med dei yngste på stor avdeling for å bli kjent. Har fast pedagogiske leiarmøte ein time annakvar veke til planlegging. Arrangement går vi gjennom på hausten og fordeler oppgåver og ansvar mellom oss. Det er rom for at dei som har interesser eller særskild kompetanse får utnytta dei.

Vurderarane seier at personalet planlegg turar saman begge avdelingane, heile barnegruppa. Felles aktivitetar, t.d. songstunder. Personalet kan vikariera på tvers av avdelingane.

#### Barnehagen har klare målformuleringar.

Personalet seier at vi har jo ein visjon. Me prøver å gjera barnehagen til ei minnerik tid. Me har jobba systematisk med målformuleringa i årsplanen. No som dei ulike avdelingane har komen saman så kan vi dra nytte av kvarandre. Myrkdalen har vært med på matematikk prosjekt. Det hadde ikkje den andre avdelinga – då fikk vi nytte av den kompetansen. Vi har hatt nettverksgrupper i mange år. Vurderarane seier at det Utifrå årsplanen føreligg det klare målformuleringar. Personalet er gjort kjende med desse

### Personale opplever at barnehagen har ei tydelig leiing.

Personalet seier at dei opplever at leiaren viser at ho har oversikten og synar seg som den leiaren som ho bør vere. Tar kontroll når det er diskusjoner og tar avgjersler. Tar med pedagogiske leiarane i planar og får delegert ansvar. Ho er klar på kva som er styrar sitt ansvar og kva som er pedagogane sitt ansvar. Prøve at alt skal vere tydelig så ikkje nokon lurar på kva som skal skje. Rutinane treng ikkje vere like på avdelingane, men ein har felles reglar på huset. Styrar kjem rundt på avdelingane og korleis det er. Vi har morgonmøter, avdelingsmøter og personalmøte. Skriv referat frå avdelingsmøter og frå pedagogisk leiarmøte. Byting av vakter o.l. kan vi ordna med avdelingsleiar treng ikkje ta alt til styrar.

Vurderane ser at leiar viser at ho har kjennskap til kva som skjer på avdelingane. Leiar ber dei tilsette om å gje tilbakemelding til foreldre. Leiar rettleier assistentane og gjev dei ansvar for t.d. foreldresamtalane.

### **Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda**

#### Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis.

Personale seier at dei nyttar avdelingsmøta til å reflektera over eigen praksis. Styrar er med på desse møta så langt det lar seg gjere. Avdelingsmøta har nokon faste punkt der vert det reflektert kring barnas trivsel og utvikling, aktivitetar og situasjonar i kvardagen samt samarbeidet mellom personale.

Vidare seier personale at dei går gjennom månadsplanen på avdelingsmøta og reflektere og evaluere kva som har fungert og ikkje. Det er også kultur for å gje kvarandre tilbakemelding på om ein gjer ting rett eller om ein skal nytta andre metodar i det pedagogiske arbeidet.

Medarbeidersamtalar og uformelle situasjonar vert og nytta til å reflektera over eigen praksis. Vurderarane merka seg at det er avdelingsmøter kvar 14. dag. Der var det gjennomgang av foreldresamtalane og gode refleksjonar over enkeltbarn si utvikling. Personalet er medviten om tradisjonar og kultur frå lokalsamfunnet. Personalet tek ansvar for den viktige rolla dei har som kulturformidlarar.

#### Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.

Personale viser at alle møter har sakliste og referat vert skrive. Alle møter held tidsramma som er satt. Møta vert oppfatta som innhaldsrike og nyttige. På pauserommet heng oversikt over møter som personale og styrar er med på. Det vert ikkje sett opp møte om det ikkje er behov for det. Personal møta har eige sakliste med avklaring av kven som skal laga til, rydda, skriva referat ol.

Vurderarane deltok i eit ryddig avdelingsmøte med både sakliste, referat og ordstyrar.

Møtereferata frå andre møter ligg tilgjengeleg for alle tilsette. Det er møtereferat frå alle møta på huset.

Leiar har tilgjengelege og godt synlege planar over forskjellige møter. Personalmøter, ped. leiar møter og andre møter utanfor huset der berre styrar deltek.

### Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling.

Foreldra seier at personalet tek barna med på gode aktivitetar, korving, potesetting, gardsbesøk, saueklipping, sykkeldag og skidag t.d.

Personale seier at dei tek tak i ulike aktivitetar gjennom året. Barnehagen nyttar ressursar i lokalbefolkninga. Barna var også såg på då gjetarhunden samla sauene. Dei har til dømes vært med å laga pølsa, sette poteter, saueklipping, høyrte felemusikk, dansa gamaldans og fått kjennskap til tradisjonar og kulturar frå Voss. Også foreldra trekk fram dette som positivt at barnehagen vektlegg.

Dei seier vidare at dei prøvar å gjennomføra planane så langt det lar seg gjera. Personale er bevist på gruppedelinga. Det vert vektlagd å ha barnegrupper på likt alderstrinn samla i dei ulike gruppene. Det er i stor grad to vaksne på kvar gruppe, desse har og ansvar for å laga planar for aktivitetar som skal skje i dei einskilde gruppene.

Personale seier at det vert lagd vekt på å ha samlingar i små grupper for å prøva å leggja aktivitetane til rette for aldersgruppa som er tilstades. Det har vore ulike tema gjennom året. Til dømes tal, rom og form, eventyr, sauene og Hakkebakkeskogen.

Nokon i personale sa at dei la fram leiker om morgonen for å inspirera barna til leik når dei kom i barnehagen.

Vurderarane såg at barna gjekk i grupper og gjorde det dei har lyst til på onsdagane.

Samlingsstund på avdeling Ondrahaugen bar preg av ro og koseleg atmosfære. Annette las eventyret om Gullhår med innleving og engasjement. Barna sat på benkar og høyrde på. Innimellom kom dei med refleksjonar og tankar kring innhaldet, den vaksne lytta og kom med sine betraktningar og det blei dialogar undervegs. Ein av dei yngre gutane syntes det var litt kjedeleg å sitte der sa han. Då er det ei jente som svare at det er lurt å læra seg å sitte i ro på benkane for då trenar vi til vi skal på skulen. Dei syng ein song og så orienterar den vaksne om kvar raud gruppa skal gå og kvar blå gruppe skal gå og vaske hendene. Då dei opnar døra inn til det eine rommet seier ein av gutane at dei er ikkje ferdig med å dekkja på her. Den vaksne svarar: "E dei ikkje? Men då får vi hjelpa dei litt vi då!". Barna hjelper med dekking og går roleg og set seg ved borda. Nokon av barna ville baka bollar. Ein av dei tilsette sette fram alle ingrediensane på rekkje slik at barna kunne sjå kva dei skulle bruka for å laga bollar. Barna har tilgang på perlebrett med tal og bokstavar. Fleire av barna sat rundt bordet og perla saman med ein vaksen. Planta frø frå to forskjellige blomar. Deler av barnegruppa gjekk ut for å fjerna brennesler.

### Personalet har eit bevist forhold til gruppedeling og organisering.

Personale seier at dei delar barna i grupper etter alder nesten kvar dag. Det er laga progresjonsplan der det går fram kva som vert vektlagt i dei ulike aldersgruppene under dei sju fagområda. Starta om hausten med min dag, Oversikt over rom ansvar og gruppe.

Husa i gangen og permene har same fargekoder som namnet på gruppene. Tre vaksne på den eine gruppa og to på den andre gruppa.

Vurderane var litt på kvar avdeling. På avdeling Tråe er det 17 barn i alderen 1 – 3 år. 15 barn kan vere på avdelinga til same tid. Vurderarane observerte at barnegruppa er delt etter alder. 6 av dei yngste barna er på eit rom med to vaksne til stades. Dei 5 eldste borna er på eit anna rom og leikar med togbane og to les i bok saman med ein vaksen. Pedagogisk leiar seier at dei er beviste på å dele i grupper. Dei eldste barna kan ha fin leik med t.d. togbane, dersom gruppa vert blanda vert leiken fort øydelagt av dei minste som ikkje modningsmessig klarar å leike på same måte.

På avdeling Ondrahaugen ser vi at barna er delt i mindre leikegrupper det meste av tida inne. Tysdag har dei leikegrupper med val og onsdag har dei fri leik etter barnas ynskjer. Dei andre dagane har dei leikegrupper der barna leiker i ulike krokar etter ynskje ut ifrå aldersdelte grupper.

Den tilsette noterte ned kven som var på kvar gruppe. Fordi dei ville sjå om barna vel aktivitetar dei likar eller om dei vel etter kva barn som allereie var i denne gruppa.

“ I dag skal me plukka brennesler, du er ein av dei som skal vera med”.

### **Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.**

#### Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.

Personalet seier at dei føresatte vert gjort kjent med barnehagen sitt arbeid gjennom månadsplan med månadsbrev bakpå. I månadsbrevet så kjem det fram fargekodar med kva gruppa skal gjera. Vekeplan; følger dei med på den, så skal dei vere rimelig oppdaterte. Dag tavle med informasjon om dagen i dag. Deler ut informasjon til dei eldste om kva som skal gjerast i skuletrening. To foreldresamtalar i året. Prøver å snakka med alle foreldra litt når dei hentar så vi får gitt litt tilbakemelding. Foreldra seier at nokon av personale er veldig flinke med tilbakemeldingar, dette gjeld begge avdelingane. Trur at føresette veit kva vi driv med.

Vurderarane ser at føresette får skriv heim i form av månadsbrev og månadsplan. Månadsplanen vert hengd opp på informasjonstavla til foreldra.

#### Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.

Personalet seier at dei har fått rimeleg gode tilbakemeldingar. Det er arrangement som gjeld for ei aldersgruppe. Prøve å vere bevist på at ikkje alle skal vere med på alt. Når dei yngste vert eldre så er det dei som får vere med. I foreldresamtalane så kjem det fram om det er ting som ein skal vere spesielt merksame på eller følgje opp. Har gått på besøk på stor avdeling med dei eldste

som skal flytta over. Me går gjerne ut med dei yngste barna på føremiddagen. Slik at dei som søv også får vere ute.

Føresette seier at det er bra med sykkeldag. Undrehaugen er flinke på finmotoriske aktivitetar. De seier også at det er positivt med aldersdelte avdelingar.

Vurderarane ser at barna blir delt i aldersbestemte grupper. Dei eldste barna har skulegruppe, desse er også på besøk på skulen. Det er ellers mange varierte kulturelle innslag der alle barna deltek. Leiker og dagsrytme er tilpassa kvar aldersgruppe.

#### Føresette opplever gjensidig og god dialog

Personalet seier dei meiner det er god dialog. Trur vi har det med dei fleste. Vi legg opp til at vi skal ha det gjennom hente og bringesituasjonen, og gjennom foreldresamtalene. Håper på det og prøvar på det.

Oppmodar dei til å koma til oss om det er noko dei ynskjer å ta opp. Prøver å vere bevist på å ta imot i garderoben om morgonen, lukka døra så dei får litt ro og tid. Førsette seier at personale er imøtekommande og flinke til å møte oss i garderoben om morgonen. Dei gjev seg god tid.

Føresette seier at Ondrahaugen er flinke til å gi munnleg tilbakemelding.

Vurderarane ser at barna vert tekne imot i gangen på ein positiv måte.

Barna som kjem litt ut på føremiddagen blir tekne godt imot inne på avdelinga saman med føresette.

#### Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar

Personalet seier dei trur det, det vert oppfatta sånn. Heile personale har fått fordelt samtalar, då må ein skjerpa oss, og me får utvikla oss. Det har jo kome fram ting i samtalane som ikkje vi har hatt heilt oversikt over, slik som kjemi mellom enkelte barn og liknande. Dette har jo vært nyttig for oss. Om våren går det litt meir på kva vi har gjort gjennom året. Me kallar inn til samtale på månadsplanen. Den andre samtala er frivillig til på avdeling Ondrahaugen. Gjer avtalar med dei føresette om punkter og føresette kvitterer på vidare tiltak. Har ein mal på det. Foreldresamtalane vert alltid referert tilbake til avdelingsmøta.

Vurderarane ser at det er gjennomgang av foreldresamtalane på avdelingsmøte

Personalet reflekterte rundt kvart enkelt barn utifrå tema frå foreldresamtala.

Leiar kom også med råd for vegen vidare.

#### Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.

Personalet er oppteken av at måla samsvarar. Ser i halvtårsplanen for å planleggje inn i månadsplanen. Om det ikkje vert slik så prøvar vi å formidla det ut til føresette. Personalet seier at dei har opna for at føresette kan koma med innspel. Trået har ei postkasse til dette. Tradisjonar som vi har hatt år etter år ynskjer dei føresette å halde på. Kultur er eit vidt omgrep. Kva tenkjer føresette om det vi gjer? Laga korv, eige julebord inviterte naboen fordi vi lånte eldhuset. Vurderarane ser at føresette etterspør meir detaljerte vekeplanar. Manglar fullstendig årsplan på nettet.

## **Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.**

Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.

Barna seier at dei vaksne veit kva dei skal gjera. Barna har kvar si posthulle der får dei skriv om det som skal skje.

Vidare seier barna at valet er på tysdagar. Då får dei velja aktivitet ut ifrå lappar med litt forskjellig å velja i. Personale bekreftar at dei har val kvar tysdagen på avdeling Ondrahaugen. Då får barna får velja mellom ulike aktivitetar ogaktivitetane varierar frå gong til gong. Personale styrar kor mange barn som kan vere med på kvar einiskild.

Personale seier at dei tek barna sine innspel med i den vidare planlegginga si. Dei prøver også å ta innspela i kvardagen på alvor og innfri ynskjer så langt det lar seg gjere.

Personale har laga eit kviteringssystem der barna får høve til å besøka den andre avdelinga om dei ynskjer.

Personale har også gjennomført barnemøte der barna har fått koma med sine innspel. Personale gjer uttrykk for at det kan vere vanskeleg å fanga opp ynskja til dei yngste barna. Likevel meiner dei at dei kan fanga opp mykje gjennom kroppsspråk og handling.

Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Personale seier at på dei fyrste gruppene på året så tar dei barna med å bestemma kva som skal skje på dei eldste gruppene. Det vert skriven ned og henta fram igjen seinare.

På avdeling Ondrahaugen så tek dei med barna sine innspel på planlegginga av månaden. Dei eldste barna har og fått vera med på barneintervju.

Barna seier at av og til så er dei vaksne litt snille med oss, for vi har ei motorsag, og så sager vi tre. Vidare seier dei at dei vaksne av og til spør korleis det var på tur ol.

Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar.

Barna seier at det ikkje er lov til å slå, sparke, klypa og bita. Litt greitt for då lærer dei minste det. Og så kan vi spikra og vi får lov til å snekra hytta. Vidare seier barna at dei synast at reglane er bra og at dei står i gangen, då veit vi kva vi skal. Personale seier at dei trur barna er godt kjende med reglar, rutinar og dagsrytmen. Vidare seier dei at barna sjølv har vore med å utforma dei.

Vurderarane ser at reglane har biletlege symbol på den minste avdelinga noko som gjer reglane forståelege for dei yngste.

Barna opplever at dei kan påverka kvardagen sin.

Barna seier at dei kan påverka mest i gruppetida. Dei må ta opp handa då kan dei fortelja. Vidare seier dei at dei kan si ifrå til dei vaksne om dei har slått seg.

Personale seier at dei prøvar å vere lydhøre og at dei tek barna sine innspel på alvor. Om ikkje ynskja kan innfriast med det sama så prøvar dei å rydda plass seinare på dagen.

Føresette seier at dei trur at personale tek barna på alvor.

Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.

Barna gjer uttrykk for at hemsan er ein kjekk plass å vere. Huldakroken vert og nemnt som ein kjekk plass å leike. Nokon likar seg best inn medan andre trivast best ute.

Personale meiner dei har god plass. Dei seier vidare at dei jobbar med å betra det fysiske miljøet heile tida. Personale fordelar seg og i det fysiske miljøet for å skapa gode leikemiljø for barna. Ute har barnehagen mykje plass og det er mange nære turområde som kan skapa nye leikemiljø. Personale legg og vekt på at dei har eige gymsal i barnehagen som vert nytta mykje.



## **6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet**

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

#### Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane

Dei føresette gjer uttrykk for at dei ynskjer førskulelærar på begge avdelingane ettersom det har vorte eit lengre sjukefråvær. Vurderarane meiner at det kunne vore betre synleggjort for dei føresette, at styrar har vore aktiv i rådgjeving av personale på avdelinga som har mangla førskulelærar. Vidare ser vi at det nærmar seg slutten av eit barnehage år og kabalen kan sjå annleis ut frå hausten av.

#### Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset

Dei føresette meiner at barnehagen kan dra meir nytte av dei ulike kompetansane i personalet, slik at begge avdelingane kan dra nytte av all kompetansen.

Personalet planlegg til tider ute der dei samsnakkast om gode idear til aktivitetar.

#### Barnehagen har klare målformuleringar.

Personalet såg det som ei stor utfordring å samlokalisera dei to avdelingane. Dei føresette sakna å sjå mål i høve til dei sju fagområda. Vurderarane ser at det står i årsplanen at det skal utarbeidast utviklingsmål for kvart av dei sju fagområda i høve alder og modning. Desse måla er utarbeida med dei er ikkje synleggjort for dei føresette.

Vurderarane meiner at Myrkdalen barnehage har ein god årsplan der dei har laga planar og satt i system det meste av innhaldet frå Rammeplan for barnehage. Når vi studerar årsplanen ser vi at det manglar mål for planlegging, vurdering og evaluering. Det kan sjå ut til at det er noko av årsaka til at det er litt vanskeleg å få tak i korleis de planlegg i høve forarbeid før prosjekt og planar trer i kraft.

### **Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda**

#### Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling.

Dei føresette saknar litt utfordringar for dei eldste barna i barnehagen. Vurderarane får inntrykk av at tema til kva ein skal jobba med kjem noko tilfeldig. Det kan sjå ut til at det manglar ein meir langsiktig plan gjennom året. Føresette etterspurde ein meir spesifisert månadsplan. Dei ville førebu barna på kva som skulle skje, og også kle barna etter kva aktivitetar som var planlagt. (t.d kle ein kan mala i, kle som passar til tur etc.)

### **Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.**

#### Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.

Også her etterlyser dei føresette meir konkrete månadsplanar. Føresette til dei yngste barna ynskjer også meir munnleg tilbakemelding i forhold til eige barn. Litt om dagen i dag, ettersom barna ikkje kan formidla så mykje sjølv.

Vurderarane meiner at "Dagen i dag" har ein god intensjon og den vert førd i ei bok slik at alt vert arkivert for seinare tid. Det er mykje tekst og litt lite innbydande og lesa dette – trur føresette kan oppleva det på same måte. Vurderarane han ikkje sjå månadsbrev på oppslagstavla for dei føresette.

#### Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.

Føresette ser det som viktig at dei eldste barna får utfordringar. Føresette er noko usikre på kvaliteten i skulegruppa i mangel av pedagog. Personale seier at førskuletreninga ikkje har vorte gjennomført kvar veke i perioden det har vore sjukefråvær. Det meiner vurderarane at styrar må ta tak i. Føresette seier vidare at dei ynskjer fleire meir allsidige aktivitetar ute for dei eldste barna.

#### Føresette opplever gjensidig og god dialog

Personalet ser at det ikkje alltid er god tid i hentesituasjonen. Det hender at foreldra kjem like før barnehagen stengjer. Frå 16.00 – 16.30 er det ikkje så lett å få gitt tilbakemelding til alle.

Personalet meiner det gjer noko med motivasjonen at dei har fått vita dato i forhold til å avslutta den midlertidige lokaliseringa. Føresette er noko usikre på om det skal være foreldresamtaler på Ondrehaugen. Personalet har prøvd å gjennomføra foreldresamtalar med alle føresette. Den eine avdelinga har gjennomført samtala, medan den andre avdelinga startar opp med samtalar neste veke. Foreldra på Trået ynskjer at personalet blir betre på munnlege tilbakemeldingar ved henting. Nokon er flinke, andre kan bli betre. Vurderarane merka seg at det var noko uklart frå føresette om avdeling Ondrehaugen skulle ha foreldresamtalar. Foreldra etterspør meir kontakt i hentesituasjonen, ynskjer å vita korleis deira barn har hatt det den dagen.

#### Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar

Føresette merka seg at Ondrehaugen har ikkje hatt foreldresamtale dette halvåret.

Personalet har gitt beskjed om at føresette kan ta kontakt om dei ynskjer ein samtale. Føresette har det som eit ynskje at styrar ser til at foreldresamtalane vert sett i system.

#### Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.

Føresette meiner at årsplanen kan brukast meir kreativt når de planlegg månadsplanen. Månadsplanen kan være meir konkret, meir synleg kva som skal skje. Føresette ynskjer å få månadsplanen i hende før ny månad startar. Føresette meiner også at barnehagen praksis på når planar og anna skal gjerast gjennom året. Gjerne konkretiserte aldersbestemte mål i årsplanen, dette i forhold til fagområda i Rammeplanen. Vurderarane merka seg at det manglar fullstendig årsplan på nettet.

## **Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.**

Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.

Barna seier at dei vaksne snakkar saman om kva dei skal gjere. Dei seier vidare at det nokre gongar er slik dei får vita om aktivitetane. Vurderarane har ikkje sett eller blitt fortalt at det er noko fast system for korleis aktivitetar vert planlagde i samarbeid med barna. Sjølv om dei på Ondrahaugen seier at dei har hatt barneintervju så kjem det ikkje klart fram at dei har ei fast form for i innhenta innspel og at dette vert synleg for barna.

Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Personale seier at barna får velja aktivitetar i mange høve, men vi kunne nok ha tatt dei med litt meir. Barna seier at dei ikkje snakkar om det som skal skje, eller at dei ikkje veit om dei gjere det. Vurderarane greier ikkje å få tak i om det er nedfelt noko system på dette i dei skrivne planane.

Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin.

Nokre av barna seier at dei ikkje veit om dei vaksne høyrer. Eit barn seier at det går vekk om det vert lei seg.

Vurderarane ser at barna har rom for å påverke kvardagen sin, sjølv om barna ikkje er heilt sikre på om dei gjer det. Det meiner vurderarane bør settast i system slik at det vert synleg for barna.

Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.

Personale seier at dei kunne ha vore flinkare til å bruka Storestova. Dei seier vidare at det kunne ha vore eit litt meir spennande miljø inne på Tråe.

Vurderarane ser at det fysiske miljøet inne kan verka litt rotete i nokre av romma med mykje permar, papir, kassar og fargar synleg. Særleg kan det verka forstyrrande på dei minste barna.



## 7. Vidare arbeid



6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Myrkdalen barnehage i Voss kommune 26.05.2011  
Stad, dato

\_\_\_\_\_  
Namn vurderar

\_\_\_\_\_  
Namn vurderar

## **Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga**

- Interne:  
Føresette, barn og personale i Myrkdalen barnehage
- Eksterne:  
Gjertrud Jøsendal Tvedt og Kari Aalvik

Det er ynskjeleg at heile personalgruppa får delta på intervju når det er ein liten barnehage vurderinga føregår. I Myrkdalen let ikkje det seg gjera fordi det var ein del fråver. Vi har intervjuet styrar, 2 pedagogar og 3 assistentar. Vi har intervjuet 7 av dei eldste borna og på gjennomført foreldremøtet der 10 føresette av 22 moglege var tilstades.

## **Vedlegg 2 - Tidsbruk**

Det er avsett ei veke til å vurdera ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

## Vedlegg 3 - Tidsplan

### TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka

Myrkdalen barnehage, veke 21, 2011

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
05.01.11	2mnd. før vurdering	Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane
26.01.11		Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1. om ståstadsanalysen (sett av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurdering	Vurderarane
31.01.11		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon til vurderarane	Styrrar
02.02.11		Lag glansbilde	Vurderarane
09.02.11		Send glansbilde til barnehagen v/styrrar Arbeidet med å utvikla eit glansbilde for kvar einskild barnehage kan ta litt tid, difor bør glansbildeframlegget sendast til barnehagen så tidleg som mogleg.	Vurderarane
Innan veke 9		Styrrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbildet.	Styrrar
11.03.11		Laga: ▪ intervjuguidar ▪ tidsplan for vurderingsveka ▪ rapport-mal, intern og ekstern ▪ laga mal for Power Point presentasjon	Vurderarane
11.03.11		Informasjon til vurderarane: ▪ fakta om barnehagen, skriftleg ▪ foto av barnehagen til rapporten si framside	Styrrar
23.05.11		Vurderarane kjem til barnehagen	Vurderarane

Vedlegg:  
Oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering  
Om ståstadsanalysen

#### Kontaktinformasjon:

Stad dato, 26.01.11  
Namn vurderar: Gjertrud Jøsendal Tvedt  
tlf.nr.: 905 60 154  
e-post adr.: gjertrud.j.tvedt@odda.kommune.no

Stad dato, 26.01.11  
Namn vurderar: Kari Aalvik  
tlf.nr.: 952 01 448  
e-post adr.: kari.aalvik@odda.kommune.no

## TIDSPLAN for vurderingsveka i Myrkdalen barnehage, Voss kommune

Vurderingsveke: 21			
22.05.11		<ul style="list-style-type: none"> <li>- møtast på hotellet kl 20.00</li> <li>- finpussar planane for veka, arbeidsfordeling</li> </ul>	
23.05.11	Kl. 08.30  kl. 09.30 - kl. 11.45  kl. 13.30  kl. 20.00 – kl. 21.00 kl. 22.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kjem i barnehagen: Presentere oss. Kort informasjonsutveksling/oppdatering med styrar. Gjera avtalar med styrar</li> <li>- Barneintervju</li> <li>- Observasjon fram til klokka 13.30</li> <li>- Intervju med pedagogiske leiarar</li> <li>- Foreldremøte kl 20.00 – 21.00 (Personalet deltek ikkje)</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
24.05.11	Kl. 08.30 Kl. 10.00 Kl. 10.30 Kl. 13.30 Kl. 14.30 Kl. 15.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Observasjon</li> <li>- Intervju av styrar</li> <li>- Observasjon</li> <li>- Avdelingsmøte</li> <li>- Kort rapport til styrar.</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
25.05.11	Kl. 09.00 Kl. 13.30 Kl. 13.00 Kl. 14.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Observasjon</li> <li>- Intervju av assistentar</li> <li>- Gje kort rapport til styrar</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
26.05.11	Kl. 15.30 Kl. 16.45	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ferdigstilling rapport</li> <li>- Personalmøte</li> </ul>	Vurderarane
Innan 26. nov. 2011		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda</li> <li>- Orienterer det politiske fagutvalet</li> </ul>	Styrar i barnehagen

## **Vedlegg 4 – Metodar**

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtalte og dokumentanalyse.

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

### **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

### **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med føresette på avdelingane.

### **Møte med styrar**

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no- situasjon og for vidare arbeid.

### **Observasjon**

Me observerte i kvardagssituasjonar i hovudsak inne men også ute.

## Vedlegg 5 – Dette sa barna

Teikn på god praksis	Dette sa barna
❖ Korleis er det å vere deg i Myrkdalen barnehage?	➤
Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.	
❖ Korleis får de vita kva de skal gjere i barnehagen her?  (Har de samlingar der de snakkar om kva de skal gjere denne dagen/veka? )	➤
❖ Hender det at de snakkar om det de skal gjere eller det de har gjort? (Kven bestemmer?)  (Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.)	➤
❖ Kva reglar har de i barnehagen? (Kva syns du om dei?)	➤
❖ Lyttar dei vaksne til det du har å sei?	➤
❖ Kvar i barnehagen likar du best å leike? Kvifor?  Kvar likar du best å leike ute? Kvifor?	➤

## Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Teikn på god praksis	Dette sa dei føresette
❖ Kva meiner de Myrkdalen barnehage er flinke til?	➤
❖ Kva meiner de Myrkdalen barnehage kan bli betre til?	➤
❖ Kva meiner de at de som føresette kan verte betre på?	➤
Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.	
❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.	➤
❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.	➤
❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog.	➤
❖ Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar.	➤
❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar	➤

samsvarar med barnehagen sin årsplan.	
---------------------------------------	--

## Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Tegn på god praksis	Dette sa personalet
Barnehagen er ein lærande organisasjon	
❖ Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane	➤
❖ Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset	➤
❖ Barnehagen har klare målformuleringar.	➤
❖ Personale opplever at barnehagen har ei tydelig leiing.	➤
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda	
❖ Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis.	➤
❖ Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.	➤
❖ Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si	➤

læring og utvikling.	
❖ Personalet har eit bevist forhold til gruppedeling og organisering.	➤
Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.	
❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.	➤
❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.	➤
❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog	➤
❖ Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar	➤
❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.	➤
Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av	

barnehagen si verksemd.

1. Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.	➤
2. Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.	➤
3. Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar.	➤
4. Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin.	➤
5. Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.	➤

## Vedlegg 8 – Observasjonar

Observasjonspunkt:

*Tema for vurderinga: "Organisering av kvardagen i barnehagen"*

Førebuing:

1. Teikna i observasjonsskjemaet er dei same som i glansbiletet (dei som er relevante å observera)
2. Skriv ned situasjonar der dette kan observerast
3. Lag rutene større slik at det er plass for notatar når de observerer

Teikn:

situasjon å observera i

Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane	Planar, samspel, samtalar, i møte
Observert:	
Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset	Samspel, gjennom dagen, tema i møte, samtalar
Observert:	
Barnehagen har klare målformuleringar.	Nedskrivne, planar
Observert:	
Personale opplever at barnehagen har ei tydelig leiing.	
Observert:	
Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis.	Samtalar, møte,
Observert:	

Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.	møte
Observert:	
Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling.	Samlingar, aktivitetar, leik.
Observert:	
Personalet har eit bevist forhold til gruppedeling og organisering.	Møte, observasjon av aktivitetar og daglege gjeremål.
Observert:	
Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.	Samtale, oppslag, tavler og informasjon
Observert:	
Føresette opplever gjensidig og god dialog	Garderobe, samtale
Observert:	
Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar	Samtaler
Observert:	
Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.	Samtalar
Observert:	

Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.	Møte, aktivitetar og leik
Observert:	
Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar	Samlingar, samtalar og møte
Observert:	
Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar.	Intervju og i leik og aktivitet.
Observert:	
Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin.	Intervju, samtale og observasjon i leik og aktivitet.
Observert:	
Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.	Observasjon, samtale, intervju.
Observert:	